

# Kulturhistoriske registreringar

Alversund områdeplan, gnr. 137, bnr. 14 mfl.  
Lindås kommune

Rapport 35 2017



**35**  
**2017**



## Forord

Etter omorganiseringa av kulturminnevernet i 1990 vart ansvaret for automatisk freda kulturminne i plansaker overført til fylkeskommunane. I Hordaland fylkeskommune er det Fylkeskonservatoren som utfører det kulturminnefaglege arbeidet. Planområda vert sjekka ut i høve til arkivopplysningar om kjente automatisk freda kulturminne. Det vert og gjort ei kulturminnefagleg vurdering om det må gjerast arkeologiske registreringar i felt.

Den arkeologiske registreringa i felt har som mål å finne ut om eit planlagt tiltak vil komma i konflikt med automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537). I den grad tiltaket vil verka inn på nyare tids kulturminne vil desse bli kort omtalte.

Denne rapporten er utarbeidd på bakgrunn av arkeologisk registrering i felt. Rapporten gjev opplysningar om arbeidsomfang, utstrekning og karakter av registrerte kulturminne, og om framlagde planar er i konflikt med kulturminne.



## Innholdsliste

1. Samandrag.....	4
2. Bakgrunn.....	4
3. Kulturminne og kulturmiljø – nokre sentrale omgrep .....	7
4. Metode .....	8
5. Området.....	10
6. Tidligare funn - kjende automatisk freda lokalitetar.....	11
7. Undersøkinga .....	11
8. Konklusjon.....	13

## Figurliste

Figur 1. Oversiktskart Nordhordaland med planområdet markert.....	5
Figur 2. Oversiktskart Lindås kommune med planområdet markert. ....	5
Figur 3. Oversiktskart med planområdet markert. ....	6
Figur 4. Flyfoto med planområdet markert.....	6
Figur 5. Oversikt over dei arkeologiske periodane.....	7
Figur 6. Strandforskyvingskurve for Alversund, Lindås kommune (etter Lohne 2006). ....	9
Figur 7. Innmark nordvest i planområdet. Foto tatt mot sør.....	10
Figur 8. Skråning nordvest i planområdet. Foto tatt mot nordvest. ....	10
Figur 9. Oversiktskart automatisk freda kulturminne i nærområda (etter Askeladden.ra.no). ....	11
Figur 10. Oversiktskart med prøvestikk og sjakter markert. ....	12
Figur 11. Arbeidsbilete ved sjakt 4. Foto mot nord. ....	12
Figur 12. Sjakttabell.....	13



## 1. Samandrag

I samband med utviding av plangrense for områdeplan for Alversund i Lindås kommune har Fylkeskonservatoren ved Hordaland fylkeskommune gjennomført ei arkeologisk registrering med siktemål å kartleggje eventuell konflikt med automatisk freda kulturminne i det aktuelle arealet (figur 1-4). Registreringa vart utført i perioden 21. til 22. november 2017 av Lars Røgenes og Robert Stormark. Rapport er skriven av Robert Stormark.

Planområdet vart overflateregistrert, og det vart grave fem manuelle prøvestikk og seks sjakter med gravemaskin. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.

## 2. Bakgrunn


Bakgrunn for undersøkinga er Lindås kommune sin melding om utvida plangrense for Alversund områdeplan. Føremål med utvidinga er å leggje til rette for gangveg frå Alversund bru fram til vegen til Nedre Alver, samt å leggje grunnlag for å dele frå to etablerte bustadar. Hordaland fylkeskommune gjennomførte arkeologiske registreringar i 2009 og i 2011 i samband med områdeplanen, som båe førte til funn av automatisk freda kulturminne. På bakgrunn av dei tidlegare kjente funna i nærområda, samt dei topografiske tilhøva vart det nye området vurdert til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne under marka. Hordaland fylkeskommune varsla difor arkeologisk registrering i brev datert 8. mai 2017. Saksnummer i saka er 2017/2779.




Figur 1. Oversiktskart Nordhordaland med planområdet markert.



Figur 2. Oversiktskart Lindås kommune med planområdet markert.



Figur 3. Oversiktskart med planområdet markert.



Figur 4. Flyfoto med planområdet markert.

### 3. Kulturminne og kulturmiljø – nokre sentrale omgrep

*Kulturminne* er konkrete spor etter menneske som levde før oss. Dei omfattar òg stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til, jf. kulturminnelova § 2, 1. ledd. Kulturminne kan til dømes vere hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid.

Med *kulturmiljø* er meint eit område der kulturminne er ein del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljø kan til dømes vere ein bydel, eit gardstun med landskapet ikring, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader, jf. kulturminnelova § 2, 2. ledd.

Eit stort tal med verdifulle kulturminne er freda. Gjennom kulturminnelova er kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537), ståande bygningar eldre enn 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år automatisk freda. Lova inneheld òg eigne lovføresegner om vern av skipsfunn. Kulturminnelova § 4 inneheld ei liste av ulike typar kulturminne som er automatisk freda. I kulturminneforvaltninga vert det også ofte skilt mellom automatisk freda kulturminne, også kalla forminne og nyare tids kulturminne.

Arkeologiske periodar		Ukalibrert BP	Kalibrert BC/AD
Eldre steinalder	Tidlegmesolitikum (TM)	10 020 – 8900 BP	9500 – 8000 BC
	Mellommesolitikum (MM)	8900 – 7690 BP	8000 – 6500 BC
	Seinmesolitikum (SM)	7690 – 5230 BP	6500 – 4000 BC
Yngre steinalder	Tidligneolitikum (TN)	5230 – 4700 BP	4000 – 3300 BC
	Mellomneolitikum, periode A (MNA)	4700 – 4100 BP	3300 – 2600 BC
	Mellomneolitikum, periode B (MNB)	4100 – 3800 BP	2600 – 2300 BC
	Seinneolitikum (SN)	3800 – 3500 BP	2300 – 1800 BC
Bronsealder	Eldre bronsealder (EBA)	3500 – 2900 BP	1800 – 1200 BC
	Yngre bronsealder (YBA)	2900 – 2440 BP	1200 – 500 BC
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 BP	500 – 0 BC
	Romertid	2010 – 1680 BP	0 – 400 AD
	Folkevandringstid	1680 – 1500 BP	400 – 570 AD
Yngre jernalder	Merovingartid	1500 – 1210 BP	570 – 780 AD
	Vikingtid	1210 – 1000 BP	780 – 1030 AD
Mellomalder	Tidlig mellomalder		1030 – 1150 AD
	Høgmellomalder		1150 – 1350 AD
	Seinmellomalder		1350 – 1537 AD

Figur 5. Oversikt over dei arkeologiske periodane.

Dei aller fleste av dei automatisk freda kulturminna er enno ikkje registrert. Det er ulike årsaker til dette. Mest vanleg er at dei ligg under dagens markoverflate, og ikkje er synlege. Det kan og

skuldast at ein aldri har leita etter kulturminne i desse områda, eller at kulturminna er så overgrodd at dei ikkje lenger er synlege. Så lenge kartfesting og registrering av automatisk freda kulturminne aldri vil bli fullstendig, er ein i offentleg forvaltning og arealplanlegging avhengig av den informasjonen og dei data kulturminnevernet får fram gjennom registreringsarbeidet. Ved planlegging av offentlege og større private tiltak pliktar den ansvarlege å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 9. Ved andre tiltak som inneber endra arealbruk og tiltak i marka, er det arkeologiske undersøkingar etter § 11 i kulturminnelova som skal sikre at både kjente, og hittil uregistrerte automatisk freda kulturminne ikkje vert øydelagde som følgje av eventuelle brot på § 3 i kulturminnelova.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1537) har meir eller mindre stor verneverdi, men er med unntak av ståande bygningar eldre enn 1650 i utgangspunktet ikkje automatisk freda. Dei kan verte freda etter § 15 i kulturminnelova eller verte regulerte til vern med heimel i plan- og bygningslova. I SEFRAK-registeret er kulturminne frå før 1900 (hovudsakleg ståande bygningar) registrert. I nokre områder er òg kulturminne frå etter 1900 SEFRAK-registrert.

#### **4. Metode**

Sidan førhistoriske spor etter menneske ofte ikkje er synleg på markoverflaten, vil registreringsmetode vanlegvis innebere graving manuelt med spade, prøvestikking, eller ved hjelp av gravemaskin, maskinell fleteavdekking. I område kor ein reknar med funn av synlege kulturminne vert det søkt i overflata. Ofte vert fleire metodar nytta på ei og same registrering. Kva metode som er vald avheng av topografi, høgd over havet og kva type kulturminne ein reknar med å kunne påvise.


Prøvestikking er den mest nytta metoden for å påvise kulturminne frå steinbrukande tid, men kan også nyttast til å påvise yngre kulturminne. Ved bruk av denne metoden sonderar ein fyrst med eit jordborr etter lausmassar. Ved påvising av lausmassar grev ein så prøvestikk med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm. Den oppgrave massen under torva vert vassålda i såld med 4 millimeter maskevidde. Slik vil funn av reiskap og avslag etter reiskapsproduksjon vere lett å finne.

Maskinell fleteavdekking er ein arkeologisk registreringsmetode ofte nytta til å påvise automatisk freda kulturminne i dyrka mark. Metoden går ut på at ein fjernar jordlag med gravemaskin ned til undergrunnen eller til uforstyrta lag med funn av forhistoriske spor. Når den overdekkande

jordmassen blir fjerna av gravemaskina følg arkeologane maskina og reinsar fram den avdekka flata for å påvise spor etter førhistorisk aktivitet. Slike spor er til dømes stolpehol og veggriller etter hus, ulike typar nedgravingar som graver, kokegroper og eldstadar, ardspar etter førhistorisk jordbruk eller restar av kulturlag eller dyrkingslag. Ved registreringa er det opna opp søkesjakter i kring tre meters breidde og i varierende lengde.

Ved overflateregistrering vert området som skal undersøkast synfare systematisk med tanke på synlege kulturminne. Synlege kulturminne kan vere gravminne, hustuffer, helleristingar, bergmalingar, steingjerder, geilar, jakt- og fangstanlegg, kolgroper, vegar og vegfar, hellerar, runesteinar jernvinne, steinbrot, bygdeborgar.

Landskapet har endra seg mykje sidan førhistorisk tid, enten ved at tidlegare tiders busetjingsområde har gått ut av bruk og grodd att, ved moderne påverking eller ved landheving. Det er utarbeidd kurver over eldre strandlinjer for Hordaland (Lohne 2006; sjå også Rommundset 2005 og Vasskog 2006). Dette kan vere ein god reiskap til å forstå landskapsendringar over tid. Strandlinekurver er også ein metode ein nyttar for å datere steinalderlokalitetar innanfor ei gjeve ramme. Ei strandlinjekurve for det gjeldane området er vist på figuren under.



Figur 6. Strandforskyvningskurve for Alversund, Lindås kommune (etter Lohne 2006).

## 5. Området

Området som var aktuelt for den arkeologiske registreringa i 2017 ligg på eigedomen gnr. 137, bnr. 14 i Alversund i Lindås kommune. Arealet består av småkupert innmark som er vend mot Alverstraumen i vest (figur 7-8). Mykje av arealet var skada av moderne forstyrringar i form av vass- og avlaupsleidningar, samt påførte massar knytt til anleggsarbeid på hovudveg og bru.



Figur 7. Innmark nordvest i planområdet. Foto tatt mot sør.




Figur 8. Skråning nordvest i planområdet. Foto tatt mot nordvest.

## 6. Tidligere funn - kjende automatisk freda lokalitetar

Det var frå før kjend ei rekke automatisk freda kulturminne nær og innanfor planområdet (figur 9). På Kongsøyna, nordvest for planområdet, er det registrert eit gravminne (Askeladden id. 15789), og på Tveiten er det kjent ein bautastein (id. 55191), og to lokalitetar frå steinalder (id. 112119 og 134617). I Isdalen, aust for planområdet, er det kjent tre gravminne (id. 97663, 97664 og 97665).


I samband med områderegulering for Alversund registrerte Hordaland fylkeskommune i 2009 og 2011 ei rekke kulturminne i Alversund. Her er kokegropslokalitetar (id. 129675, 129905, 129906, 129907 og 129932), gravminne (id. 148452, 148449), dyrkingsspor (id. 148451, 148456, 148458), samt ein ovnslokalitet (id. 148453).



Figur 9. Oversiktskart automatisk freda kulturminne i nærrområda (etter Askeladden.ra.no).

## 7. Undersøkinga

Registreringa vart utført i perioden 21. til 22. november 2017 av Lars Røgenes og Robert Stormark. Planområdet vart overflateregistrert, og det vart grave fem manuelle prøvestikk og seks sjakter med gravemaskin på eigedomen gnr. 137, bnr. 14 (figur 10-12). Prøvestikka vart grave på dei plassane som vart vurdert til å ha høgast potensial for funn av steinalderlokalitetar, dvs. heilt vest i det aktuelle området, på flater og i skråningar 17 -18 meter over havet. Dei seks sjaktene vart grave på innmark nordvest på eigedomen gnr. 137, bnr. 14. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne under registreringa.



Figur 10. Oversiktskart med prøvestikk og sjakter markert.



Figur 11. Arbeidsbilette ved sjakt 4. Foto mot nord.

<b>Sjakt</b>	<b>Lengde (m)</b>	<b>Breidde(m)</b>	<b>Djupne (cm)</b>	<b>Orient.</b>	<b># Strukturar</b>
1	3,5	1,3	50	NV-SA	-
2	3,3	2,3	35	VNV-ASA	-
3	8	2,5	10-55	NNV-SSA	-
4	12	2,4-3,5	15-40	NNV-SSA	-
5	2	2	-	NNV-SSA	-
6	5	2	35-50	VNV-ASA	-

Figur 12. Sjakttabell.

## 8. Konklusjon

Den arkeologiske registreringa i samband med utviding av plangrense for områdeplan for Alversund i Lindås kommune vart gjennomført i perioden 21. til 22. november 2017. Det vart ikkje gjort funn som kjem inn under kulturminnelova § 4.

## Litteratur

Joki, H. 2009: *Rapport 46 2009 Kulturhistoriske registreringar i samband med reguleringsplan for ny skule, barnehage, aktivitetsområde og bustatutvikling, Alversund skule, Lindås kommune, gnr. 137, bnr. 130 mfl.*, Fylkeskonservatoren, Hordaland fylkeskommune.

Lohne, Ø.S. 2006: *SeaCurve\_v1 – Teoretisk beregning av strandforskyvningskurver i Hordaland fra UTM koordinater (MS Excel regneark).*

Riksantikvaren sin kulturminnedatabase «Askeladden» (<https://askeladden.ra.no>).

Rommundset, A. 2005: *Strandforskyvning og isavsmelting i midtre Hardanger.* Masteroppgåve, Geologisk institutt, Universitetet i Bergen.

Slinning, T. 2011: *Rapport 50 2011 Kulturhistoriske registreringar, utviding av områdeplan for Alversund, gnr. 137, bnr. 13, gnr. 138, bnr. 1, 2, 6, 13 og 16, Lindås kommune,* Fylkeskonservatoren, Hordaland fylkeskommune.

Vasskog, K. 2006: *Holosen strandforskyvning på sørlige Bømlo.* Masteroppgåve, Geologisk institutt, Universitetet i Bergen.





Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Februar 2018  
Fylkeskonservatoren  
Kultur- og Idrettsavd.